



BERLINER BEITRÄGE ZUR SKANDINAVISTIK

Titel/
title: *Grenzgänger*
Festschrift zum 65. Geburtstag von Jurij Kusmenko

Autor(in)/
author: Tove Bull

Kapitel/
chapter: »Norsk – når grunnlaget er samisk«

In: Hornscheidt, Antje/Kotcheva, Kristina/Milosch, Tomas/Rießler,
Michael (Hg.): *Grenzgänger. Festschrift zum 65. Geburtstag von
Jurij Kusmenko*. Berlin: Nordeuropa-Institut, 1. Auflage, 2006

ISBN: 3-932406-24-9
978-3-932406-24-9

Reihe/
series: Berliner Beiträge zur Skandinavistik, Bd. 9

ISSN: 0933-4009

Seiten/
pages: 31–59

Feste URL: [<http://edoc.hu-berlin.de/...>]

© Copyright: Nordeuropa-Institut Berlin sowie die Autoren

© Copyright: Department for Northern European Studies Berlin and the authors

Diesen Band gibt es weiterhin zu kaufen. This book can still be purchased.

TOVE BULL
Norsk – når grunnlaget er samisk¹

Innleiing

Det empiriske grunnlaget for denne artikkelen er tekstar på norsk, skrivne av samiske studentar ved førskolelærer- og allmennlærerutdanninga ved Sámi allaskuvla Guovdageainnus/Samisk høgskole i Kautokeino. Tekstane er autentiske eksamenssvar som er leverte inn til avsluttande eksamen i norsk. Alt i alt er 56 tekstar analyserte; 19 av dei er eksamenstekstar frå allmennlærarlinja i 1997, 13 frå førskolelærarlinja i 1999, nye 13 også frå førskolelærarlinja 2001 og 11 frå allmennlærarlinja 2001, altså til saman 30 tekstar frå studentar som skal bli lærarar og 26 frå studentar som tar førskolelærerutdanning. Faget er altså norsk, ›dárogiella‹ på samisk, som blir undervist som andrespråk eller fremmenspråk. Førstespråket eller mormålet til dei aktuelle studentane er samisk, i langt dei fleste tilfella nordsamisk.

Sámi allaskuvla

Sámi allaskuvla er ein liten høgskole som gjev ulike typar utdanning på høgare nivå. Målgruppa er samisk ungdom som har fullført vidaregåande skole. Storparten av studentane tar anten allmennlærerutdanning eller førskolelærerutdanning, men ein kan òg studere visse enkeltfag og m.a. journalistikk ved høgskolen. Skolen er norsk, på den måten at den er ein del av det norske høgare utdanningssystemet. Sidan undervisnings-, forvaltnings- og administrasjonsspråket er samisk, og dette er verdas einaste samiskspråklege høgare utdanningsinstitusjonen, rekrutterer den også samiske studentar frå finsk, svensk og til dels russisk side. Både Sverige og Finland godkjenner lærar- og førskolelærerutdanning frå Sámi allaskuvla som grunnlag for tilsetjing i respektive svenske og finske institusjonar. Svenske og finske samar skal i utgangspunktet da ha opplæring i svensk og finsk som andrespråk. Eit av dei eksamensarbeida eg har ana-

¹ Takk til Per Klemetsen Hætta som har hjelpt meg med det samiskspråklege, og til Nils Dannemark for nyttige kommentarar.

lysert, synest likevel vere skrive av ein svensk student.² Ved sida av ei rekkje samiske interferensformer finst det talrike svesismar i denne teksten som studenten openbert har meint å skrive på norsk.

Emnet for denne artikkelen er ikkje Sámi allaskuvla per se. Det bør likevel nemnast at dette er ein heilt unik utdanningsinstitusjon, også i internasjonalt perspektiv. Det finst ikkje nokon annan stad ein høgare utdanningsinstitusjon som har eit urfolksspråk som ikkje er nasjonalspråk i nokon nasjonalstat, som undervisnings- og administrasjonsspråk. Det inneber at den typen tekstar som blir analyserte i denne artikkelen, er unike. Ingen andre stader i verda er undervisning i eit majoritetsspråk som andrespråk for lærar- eller førskolestudentar som tilhøyre ei auktokton minoritetsgruppe, og som får førstespråksopplæring på morsmålet sitt, sett i system på same måten som her.

Studentane/tekstforfattarane

Tekstforfattarane er altså studentar som gjennom den høgare utdanninga si har fått undervisning i samisk som morsmål eller førstespråk og norsk som andrespråk. Kva for utdanningsbakgrunn dei elles har, veit eg ikkje, bortsett frå at dei innfrir vilkåra for å ta høgare utdanning. Eg veit vidare at det er relativt vaksne studentar eg har å gjere med. Stort meir veit eg ikkje om dei. Rett nok kan vi slå fast at dei fleste av dei er kvinner. Men eg har ikkje prøvd å finne ut kva for tekstar som er skrivne av kvinner og kva for som er skrivne av menn. Alle tekstane har eit eksamensnummer; det er alt. Av omsyn til sensurering og evaluering er forfattarane bak enkeltvara anonymiserte. Eg kunne nok ha skaffa meg tilgang til opplysningar om kjønn, fødselsår og også eventuelt fått opplysningar om kor den enkelte studenten kjem ifrå. Men føremålet med dette arbeidet er ikkje er sjå på frekvens og fordeling av bestemte språkfenomen i eit sosiolingvistisk perspektiv, men heller å kartlegge, beskrive og analysere språklege uttrykk, ord og former som potensielt kan tolkast som samiske interferens- eller substratfenomen. Eg er opptatt av dei einskilde språkege uttrykka, korleis dei kan ha oppstått og korleis dei kan forklarast. Det kontekstuelle perspektivet mitt er primært dei to språka, samisk og norsk, og ikkje den språksosiale situasjonen til den enkelte tekstforfattaren.

² På det tidspunktet da teksten blei skriven, var ikkje utdanninga godkjend som tilsvarande svensk utdanning. Det kan forklare kvifor den aktuelle studenten hadde norsk (og ikkje svensk) som andrespråk.

Det skal likevel føyast til at dei studentane som har skrive dei analyserte tekstane, hører til eit relativt høgt utdanna sjikt av det samiske folket. Da dei skreiv dei aktuelle tekstane, var dei i ferd med å avslutte ei høgare utdanning, og har såleis minst 15–16 år på skolebenken bak seg. Alle er å sjå på som to- eller fleirspråklege, og om alle eller dei fleste vil det kunne seiast at dei har høg kompetanse både i samisk og norsk. Truleg høyrer dei til mellom dei samane som har best utvikla fleirspråkleg kompetanse. Vi må såleis kunne gå ut frå at kompetansen deira i andrespråket, norsk, er høgare enn det vi kan rekne med er gjennomsnittsnivået for vaksne samar med samisk morsmål. Det er derfor interessant å slå fast at det i absolutt alle tekstane finst språkformer, ord og uttrykk, bøyingsformer eller syntaktiske trekk som må karakteriserast som feil eller uidiomatisk norsk, om ein vurderer dei aktuelle formene i eit normativt perspektiv.³

Tekstane

Det tekstkorpuset eg har teke for meg, er svært heterogent. Eksamenskandidatane svarer på ulike oppgåver; dei skriv om ymse slags emne, jamvel om dei fleste oppgåvesvara tematiserer pedagogiske eller didaktiske forhold. Somme av dei er faktisk analysar av tekstar på norsk skrivne av samiske skolebarn. I desse tilfella gjer studentane nett det eg har sett meg føre å gjere i denne artikkelen: Dei analyserer skriftlege normavvik i norske tekstar i eit språkkontaktperspektiv. Vidare varierer tekstane mykje i lengd. Langt dei fleste er handskrivne.⁴ Så det er ikkje så beintfram å jamføre dei nøyaktig utan å telje ord og så dele talet på antal oppgåvesvar. Det har eg ikkje gjort. Ein viss informasjon gjev det likevel å jamføre heilt grovt. Den kortaste teksten er på to sider, den lengste på 16. Det samla

3 Jamvel om alle studentane har samisk som førstespråk i allmenn- og førskolelærarutdanninga si, vil situasjonen deira i grunnskolen og vidaregåande skole kunne ha vore svært ulik. Det er først dei siste 15–20 åra at ein for alvor har kunna snakke om revitalisering av samisk språk og kultur. Så alle dei studentane som er med i utvalet mitt, har neppe hatt samisk førstspråksopplæring gjennom heile skolegangen sin, sjølv om sikkert somme av dei har hatt det. Mange av dei vil kunne seiast å vere representantar for ei overgangstid, der samisk i den tidlege fasen framleis var relativt sterkt marginalisert, og derfor hadde liten eller ingen plass i skolen. I motsetnad til denne tidlegare fasen har samisk no ein mykje tryggare og sikrere posisjon i det norske samfunnet. Fordi eg ikkje kjenner alderen til studentane og heller ikkje veit kor i Sápmi dei kjem frå, er det òg umuleg å vete noko om den tidlegare skolebakgrunnen deira.

4 Det finst eit fåtal maskinskrivne tekstar. Dei er skrivne av studentar med spesielle behov som av den grunn har hatt høve til å sleppe å skrive for hand.

sidetalet er 393. Ein gjennomsnittleg tekst er såleis på sju sider. Frekvensen av normavvik varierer òg kraftig frå tekst til tekst.

Normavvika

Eg har valt å bruke nemninga normavvik for dei fenomena eg registrerer. Somtid vel eg å kalle desse avvika substrat, interferens e.l.⁵ Eg har såleis ikkje registert *alt* som er å sjå på som avvik frå den norske bokmålsnorma.⁶ Det er språkkontakt som er emne for denne artikkelen, og alle avvika eller rettskrivingsfeilane⁷ (om ein skal bruke ein tradisjonell term) som førekjem i tekstane, er derfor ikkje av interesse. Dei avvika eg har vore opptatt av å kartleggje, er såleis i prinsippet slikt som på ein eller annan måte potensielt har samanheng med at desse studentane har samisk morsmål. Det er altså ›språkkontaktfenomen‹ eg har vore på jakt etter. Eitt unntak er det rett nok frå dette. I seinare tid er det mange som har observert og kommentert ein aukande tendens til å særskrive samansette ord på norsk, ord som etter rettskrivinga skal samanskrivast. Eg såg fort at ein slik tendens også var til stades i dei tekstane eg arbeidde med og bestemte meg derfor for å registrere dei aktuelle førekomstane, for så i neste omgang å jamføre frekvensen av særskrivne samansettingar (og særskrivne avleiingar, som òg førekjem i materialet) med frekvensen av andre normavvik. Eg meinte det kunne vere interessant å sjå om denne typen avvik, som dei samiske studentane har til liks med norskspråklege studentar, var like frekvente i tekstane som samiske substrat- og interferensfenomen.

Det er sjølv sagt ikkje alltid like lett å avgjere om eit avvik har med den samiske bakgrunnen til tekstforfattaren å gjere eller ikkje. Til dømes er reglane for fordeling av dobbelt og enkelt konsonant i norsk temmeleg kompliserte, og fleire studiar (t.d. Wiggen 1982) har vist at desse reglane lærer norske skoleelevar seg å mestre heller seint, om dei i det heile lærer

5 Eg er stadig i tvil om eg skal bruke nemningar som interferens og substrat, som for mange er ord med negative konnotasjonar. La meg derfor presisere at eg bruker desse orda som heilt nøytrale fagtermar. Interferens betyr ikkje anna enn påverknad frå eit språk til eit anna. Og substrat vil da vere innverknad på eit majoritetsspråk frå eit minoritetsspråk.

6 Alle tekstane er skrivne på bokmål. Også i lærarutdanninga er samiske studentar fritekne frå den eine av dei to norske målformene. I praksis betyr det alltid nynorsk.

7 Det norske ordet ›rettskriving‹ dekkjer mykje meir enn ortografi. ›Rettskrivingsfeil‹ kan vere ortografiske, morfologiske, syntaktiske og jamvel leksikalske.

dei fullstendig. Kvantitetssystema i samisk og norsk er heilt ulike. Det skulle tilseie at samiske elevar vil ha større vanskar enn norske på dette punktet; dei må meistre det norske kvantitetssystemet som norske elevar har internalisert før dei begynner på skolen, før dei i det heile kan forstå reglane.⁸ Såleis vil det vere umuleg å avgjere om brot på reglane om enkelt/dobbeltkonsonant hos ein same som skriv norsk, kjem av at ho ikkje meistrar systemet når ho talar norsk, eller om ho ikkje kan rettskrivingskonvensjonane for dei aktuelle fenomenane.⁹ Eg har derfor valt å sjå bort frå denne typen rettskrivingsavvik.¹⁰

Dei ortografiske avvika eg har med i denne undersøkinga, er såleis slike som må forklarast ut frå skilnader i samisk og norsk fonologi og fonotaks. Det gjeld både vokalisme og konsonantisme. Derimot finst det ikkje døme på at studentane har problem med norske diftongar, trass i at dei samiske diftongane er kvalitativt annleis enn dei norske.¹¹

Avviksfrekvens

Alt i alt har eg registrert 1064 avvik som eg tolkar som potensielle uttrykk for samisk interferens. Det gjev i gjennomsnitt 19 avvik per tekst, eller per student. Men som alt nemnt er det stor variasjon tekstane imellom. Det er to tekstar med berre eitt avvik, mens den teksten som har flest, har 90.¹² Så er det eit stort sprik til dei neste, to tekstar med 57 avvik kvar.

Reknar ein gjennomsnittleg avvik per side, blir resultatet 2,7. Det kan ikkje seiast å vere spesielt høgt og viser truleg at andrespråkskompetansen til tekstforfattarane gjennomgåande er god. Ein relativt låg frekvens

8 Resonnementet kan òg vere motsett: Fordi det samiske kvantitetssystemet er meir komplisert enn det norske, med stutte, lange og overlange stavingar, til dels uavhengig av trykk, vil dei norske reglane for fordeling av enkelt- og dobbeltkonsonant kunne vere lettare for samiske elevar enn for norske.

9 Som det går fram av resonnementet mitt, har eg heilt sett bort frå at ein òg aktiviserer eit visuelt minne når ein skriv ›rett‹.

10 Trass i at eg ikkje har gjort systematiske registreringar, er inntrykket mitt likevel at dobbelt-/enkeltkonsonant-avvik ikkje er spesielt frekvente i materialet. Heilt tentativt vil eg hevde at ingenting tyder på at samiske lærarstudentar har meir av slike avvik når dei skriv norsk, enn norske studentar har.

11 Dels kjem nok dette av at tekstane er skrivne på eit temmeleg moderat bokmål, så i dei fleste tilfelle der studentane har val mellom diftong og monoftong, vel dei å bruke monoftongerte former. Men dette er ingen absolutt regel. Det finst ei rekkje ord med diftong i materialet.

12 Denne teksten er heilt openbert skriven av ein dyslektisk student.

av relevante normavvik er med på å dokumentere at vi har å gjere med genuint tospråklege personar. I tillegg kjem, som eg alt har vore inne på, slike avvik som også førekjem i tekstar skrivne av personar med norsk morsmål. Om dei samiske studentane har færre eller fleire av slike enn t.d. norske lærarstudentar, har eg ikkje noko grunnlag for å hevde.

Som vi har sett, er det noko færre eksamenssvar frå førskolelærarstudentar (26) enn frå allmennlærarstudentar (30) i materialet mitt. Svara frå førskolelærarstudentane utgjer 46 % av utvalet. Talet på normavvik i tekstane til allmennlærarstudentane er 586, og tilsvarande 478 for førskolelærarstudentane. Det vil seie at førskolelærarstudentane står for 45 % av avvika. På den andre sida har dei skrive i gjennomsnitt litt kortare tekstar enn allmennlærarstudentane. Sidetalet varierer mellom 2,5 og 10; gjennomsnittet er om lag 6 sider. Det tyder på at frekvensen av avvik er litt høgare for førskolelærarstudentane enn for allmennlærarstudentane. Det er sannsynlegvis i samsvar med det ein kunne vente.¹³

Avvikstypar

Det er sjølvsagt ulike måtar å kategorisere det eg her kallar avvik, på. Eg har operert med sju hovudkategoriar med undergrupper. Kategori I dreier seg først og fremst om genus og bestemtheit, som er morfologiske og morfosyntaktiske kategoriar i norsk, men ikkje i samisk. Her er såleis nominalfrasen studieobjekt. Under kategori II er det verbalet som er gjenstand for undersøking, t.d. infinitivkonstruksjonar og tempusbruk. Kategori III dreier seg om preposisjonar og preposisjonsuttrykk. Kategori IV tar for seg utelatingar av ymse slag. Kategori V er vigd syntaktiske avvik¹⁴, m.a. leddstillingsavvik og valensproblematikk¹⁵. Under kategori VI har eg plassert alle registrerte ortografiske avvik, inkludert særskriving av samansette ord. Kategori VII, som er den siste, tar for seg ord og idiom, ›feil‹ ordbruk, idiomatiske uttrykk, stilistiske fenomen og det eg har kalla ›kreativ norsk‹.

¹³ No bør ein ikkje leggje stor vekt på denne jamføringa. Å telje sidetal når tekstane er handskrivne, gjev svært omtrentleg resultat, om det er lengda på tekstane ein er ute etter å samanlikne.

¹⁴ Det vil seie dei syntaktiske avvika som ikkje blir fanga opp av andre, meir spesifiserte kategoriar.

¹⁵ Som sjølvsagt òg kunne vore kategorisert under verbalet.

Det er heilt klart at desse kategoriane ikkje er distinktive i høve til kvarandre, dei utelukkar ikkje kvarandre gjensidig i alle tilfelle. Eg har da også for somme av avvika vore i tvil om kategoriseringa, og det kan kanskje òg ha hendt at eg har vore inkonsekvent og inkonsistent i enkelte tilfelle. Formålet mitt har da heller ikkje vore å utarbeide ein så fullkommen systematikk som muleg for kategorisering av normavvik. Snarare har eg vore opptatt av å kunne grovsortere materialet på ein nokolunde føremålstenleg måte utan å operere med for mange og for finslege kategoriar. Det har òg vore eit poeng for meg å gjere bruk av relativt tradisjonell og velkjend grammatisk terminologi.

Totalfordelinga av avvika på kategoriane ser slik ut:

Kategori I:	325	(30,6 %)
Kategori II:	14	(1,3 %)
Kategori III:	167	(15,7 %)
Kategori IV:	142	(13,3 %)
Kategori V:	188	(17,7 %)
Kategori VI:	179	(16,8 %)
Kategori VII:	49	(4,6 %)

Fordelinga av avvik i dei to studentgruppene er ikkje heilt samanfallande, som tabellen nedanfor viser:

Kategori	Allmennlærerstudentane		Førskolelærerstudentane	
I	185	(31,5 %)	140	(29,2 %)
II	4	(0,7 %)	10	(2,1 %)
III	106	(18,1 %)	61	(12,8 %)
IV	66	(11,3 %)	76	(15,9 %)
V	85	(14,5 %)	103	(21,5 %)
VI	100	(17,1 %)	79	(16,5 %)
VII	40	(6,8 %)	9	(1,9 %)

For begge gruppene er det normavvik i nominalfrasen som dominerer. Det vil så å seie alltid seie brot på bindingsreglane¹⁶ og/eller reglane for genustilordning. Jamvel om prosentdelen for førskolelærerstudentane er noko lågare enn for allmennlærerstudentane, er skilnaden liten. Der gruppene vik mest av frå kvarandre, er i kategori V, altså syntaks. Her er det førskolelærerstudentane som har flest avvik. Kategori III viser òg forskjellar, denne gongen i favør av førskolelærerstudentane som her har

¹⁶ Med bindingsreglar meiner eg dei reglane som styrer bruken av bunden og ubunden form, altså reglane for artikkelbruk i norsk. Samisk er eit språk som ikkje markerer binding ved hjelp av artiklar.

ein noko lågare andel avvik enn den andre gruppa. Skilnaden her er noko mindre enn for kategori V.

Det er vanskeleg å finne forklaring på desse skilnadene mellom gruppene. Forskjellane er ikkje spesielt store, så truleg er det mest nærliggjande å tolke dei som uttrykk for tilfeldigheter. Som vi såg ovanfor, fordeler normavvika seg kvantitativt slik at allmennlærarstudentane i gjennomsnitt har noko færre avvik, men utan at skilnaden på nokon måte kan seiast å vere signifikant. Dei små skilnadene vi no har observert i typar av avvik, treng såleis ikkje bety at norskkompetansen i dei to gruppene er ulik. Om han er det, er det allmennlærarstudentane som skårar høgast. Det er i så fall i samsvar med det ein kunne vente. Det er i det minste nærliggjande å tru at ein som utdannar seg til å bli lærar, er relativt skoleflink og eventuelt meir skolemotivert enn ein som tar utdanning for å kvalifisere seg for å arbeide med førskolebarn.

Jamvel om materialet eg byggjer på, ikkje er spesielt lite, og normavvika er omfattande nok til å vere utgangspunkt for statistiske signifikansutrekningar, har eg ikkje sett det føremålstenleg å gjere slike analysar i denne samanhengen. Det er normavvika i kvalitativ forstand som har størst interesse her. Poenget med å kvantifiserer dei og jamføre dei med kvarandre kvantitativt, er å rette søkelyset mot dei draga ved norsk språk som kan sjå ut til å skape størst (eller minst) vanskar for ein med samisk-språkleg utgangspunkt.

I dei resterande underavsnitta vil dei ulike kategoriane blir eksemplifiserte med utvalde avvik, som også vil bli diskuterte. Eksempla blir gjevne att i opphavleg ortografisk form, uavhengig av kva fenomen dei illustrerer.

Kategori I: Nominalfrasen

Dette er den desidert største kategorien, med i alt 325 avvik, som utgjer 30,6 % av det totale talet avvik. Avvika har så å seie alltid opphav i at studenten ikkje har klart å tilskrive eit nomen eller ein nominalfrase ›rett‹ genus, at det ikkje er samsvar mellom genustilskrivning til dei ulike orda i ein nominalfrase, eller at reglane for når ein bruker bunden form og når ein bruker ubunden form i norsk, ikkje er følgde. Somtid tyder dessutan avvika på at former som markerer numerus, kan vere oppfatta på ein avvikande måte.

›Feil‹ genustilskrivning har vi i disse utvalde døma:

(1) en bord	ub. art. m. <i>bord</i> n.
(2) en pronomen	ub. art. m. <i>pronomen</i> n.
(3) et institusjon	ub. art. n. <i>institusjon</i> m.
(4) forfelten	<i>forfelt</i> n. <i>-en</i> etterhengd b. art. m.
(5) vokalet	<i>vokal</i> m. <i>-et</i> etterhengd b. art. n.
(6) hyttet (dvs. hytta)	<i>hytte</i> f. <i>-t</i> etterhengd b. art. n.
(7) en av ordene	ub. art. m. <i>av ord -ene</i> b. art. pl. n.
(8) i et forbindelse med	i ub. art. n. <i>forbindelse</i> m. <i>med</i>
(9) en fremmed språk	ub. art. m. <i>fremmed</i> adj. <i>språk</i> n.
(10) en lettest eventyr	ub. art. m. <i>lettest</i> adj. <i>eventyr</i> n.
(11) et stort kulturarv	ub. art. n. <i>stor -t</i> adj. n. <i>kulturarv</i> m.
(12) en annen normavvik	ub. art. m. <i>annen</i> adj. m. <i>normavvik</i> n.
(13) en god og solid grunnlag	ub. art. m. <i>god</i> adj. m. og <i>solid</i> adj. <i>grunnlag</i> n.
(14) det negative omtalen	b. art. n. <i>negativ -e</i> adj. b. <i>omtale -n</i> etterheng b. art. m.
(15) den norske samfunn og levemåte	b. art. m. <i>norske -e</i> adj. b. <i>samfunn</i> n. og <i>levemåte</i> m.
(16) det artikkel	b. art. n. <i>artikkel</i> m.
(17) trækoppe sitt	<i>trekopp</i> m. <i>-et</i> b. art. n. <i>sitt</i> pron. n..
(18) eventyret > den	<i>eventyr</i> n. > <i>den</i> pron. m.
(19) skolesystemet > den	<i>skolesystem</i> n. <i>-et</i> etterhengd b. art. m. > <i>den</i> pron. m.
(20) spill > den	<i>spill</i> n. > <i>den</i> pron. m.
(21) språk > den	<i>språk</i> n. > <i>den</i> pron. m.
(22) tallet > dentall n	<i>-et</i> etterhengd b. art. n. > <i>den</i> pron. m.
(23) preposisjonen > det	<i>preposisjon</i> m. <i>-en</i> etterhengd b. art. m. > <i>det</i> pron. n.
(24) sitt --- fortid	pron. n. <i>fortid</i> m/f.
(25) skriftspråket og dens rekkevidde	<i>skriftspråk</i> n. <i>-et</i> etterhengd b. art. n. og <i>dens</i> pron. m. <i>rekkevidde</i>

Alt i alt har eg registrert 15 tilfelle der eit enkelt nøytrumssubstantiv er behandla som om det var maskulint¹⁷. Typiske døme vil vere (1) og (4).

Tilsvarande finst det 16 døme på det motsette, altså n. for m., som (3) og (5).

Tendensen til avvikande genustilskrivning er mykje større ved komplekse nominale uttrykk, altså i tilfelle der eit substantiv blir modifisert av adjektiv, pronomen, relativfraser e.l. Eg har registrert 45 eksempel der m. er blitt brukt for n., og motsett 37 eksempel der n. er blitt brukt for m. (12) er døme på det første, (11) på det siste.

¹⁷ Eventuelt felleskjønn. Hokjønnsformer førekjem relativt sjeldan i desse tekstane.

I tillegg finst det nokre døme som tyder på at studentane ikkje heilt meistrar reglane for norsk samsvarsbøying, som i (26) og (27):

(26) <i>et grå hverdag</i>	ub. art. n. adj. m. hverdag m.
(27) <i>den samme planleggingsmøtet</i>	b. art. m. adj. planleggingsmøte -et etterhengd b. art. n.

Det er altså tydeleg at talet på normavvik tenderer til å stige når avstanden mellom morfologisk samsvarsbøygde ord aukar. Risikoen for feilbøying av eitt eller fleire ord vil såleis vere større i frasetypen ›en kulturarv som er stor‹ enn i typen ›en stor kulturarv‹. Same tendensen er rapportert i Bull, Junttila og Pedersen 1986 og Todal 1996. Bull, Junttila og Pedersen analyserer talespråk, mens Todal har utgangspunktet sitt i skrivne tekstar av meir eller mindre same slaget som dei eg analyserer her.

Hagan 1977 undersøker eksamenssvar i engelsk frå ein ungdomsskole med samiske og norske elevar i eir språkkontaktperspektiv. Også han registrerer same typen problem i samband med artikkelbruk i engelsk¹⁸ som dei som kjem til uttrykk i materialet mitt og i dei andre refererte undersøkingane. Når han jamfører den skriftlege engelsken til samiskspråklege og norskspråklege ungdommar på dette punktet, får han det resultatet ein kunne vente; dei samiskspråklege har dei største problema med engelsk artikkelbruk. Genusproblematikk derimot er sjølv sagt ikkje aktuelt i undersøkinga til Hagan.

Todal fann ein sterk tendens til overrepresentasjon av maskulinum ved genusavvik. Same tendensen har vi sett her òg, men den kan neppe kallast sterk, og som vi har sett, er det berre i komplekse nominale uttrykk at denne tendensen kjem til uttrykk.

Å vite kva genus eit substantiv i eit genusspråk har, er slett ikkje enkelt. Frå eit synkront synspunkt kan genustilskrivning synast vilkårleg,¹⁹ At det på norsk heiter *eit tal* og ikkje *ein tal*, er noko som må lærast. Det er vidare rimeleg å gå ut frå at for ein som har eit morsmål utan genus, t.d. ein same som lærer norsk som andrespråk, vil valet mellom dei tre (eventuelt to) genera i norsk fortone seg som enda meir vilkårleg og tilfeldig

¹⁸ HAGAN: 1977, 12–44.

¹⁹ Den debatten om genus og genustilordning som føregår både i generative og kognitive lingvistmiljø, går eg ikkje inn på her. Om genustilordning ikkje er vilkårleg, vil iallfall dei reglane eller dei modellane som styrer og gjer greie for denne tilordninga, vere så abstrakte at for ein som lærer eit genusspråk som andrespråk eller fremmenspråk, vil den gjeven genustilordninga måtte *verke* vilkårleg og tilfeldig.

enn det gjer for t.d. meg, som har norsk morsmål, når eg prøver å snakke tysk.

Meir komplisert enn genustilskrivning synest likevel dei reglane som styrer bruk av bunden respektive ubunden form, å vere for samar som lærer norsk som andrespråk. Dels har studentane vanskar med å skilje mellom formene i seg sjølv, dels har dei vanskar med å vite når t.d. ubunden artikkel må brukast, og når han skal utelatast. At det skal heite *fordi jeg er same*, og ikkje som i (28) som ein av studentane skriv, forklarar ikkje seg sjølv.

(28) *fordi jeg er en same*

Den same studenten vil jo måtte seie *because I am a Sámi* når ho snakkar eller skriv engelsk. Tilsvarande må studenten vite at i norsk skal artikkelen brukast i (29):

(29) *barn som er i vanskelig situasjon*

Det skal altså vere *barn som er i en vanskelig situasjon*²⁰. Mindre komplisert blir det ikkje når studenten skriv (30) i staden for *drømmen min er å få en lillesøster*.

(30) *drømmen min er å få lillesøster*

For å kunne vite at norsk i (29) og (30) krev ubunden artikkel, og at (28) ikkje gjer det, må reglane som gjeld for bruk av artiklar vere lærte og internaliserte. Denne typen normavvik hører med mellom dei aller mest frekvente. Utelating av artikkel dominerer i frekvens framfor hyperkorrekt bruk av artikkel. Det gjeld både bunden og ubunden artikkel. Eg har registrert 29 tilfelle der ubunden artikkel er utelaten t.d.:

(31) *man kan besøke bondegård, butikk, foreldrenes arbeidsplass og [...]*

(32) *motivasjon er veldig viktig faktor*

Vidare finst det 42 tilfelle der bunden artikkel, anten førestilt eller etterstilt eller begge, er strokne t.d.:

(33) *[...] hører til indoeuropeisk språktre*

(34) *samisk språket* [for »det samiske språket«]

(35) *de hadde ikke tatt hensyn til samiske befolkning*

(36) *I midtfeltet står subjektet, finitte verbalet og adverbialet.*

20 Men det ville heite t.d. »barn som er i dyp nød«, utan artikkel.

Også Todal rapporterer om det same. Han seier: »Den vanlegaste feilen innanfor binding er at informanten utelét artikkelen heilt.«²¹ Han nemner m.a. desse døma frå materialet sitt: »Leker som er *fare* for barna ...«, »Vi må få bedre samiskundervisning i *skoler*«.

Hyperkorrekt bruk av ubunden artikkel finst det io døme på i materialet mitt, og berre eitt på hyperkorrekt eller overflødig bruk av bunden artikkel. (37) er døme på det første:

(37) *For å gi en mening [...]*

(38) er døme på det siste:

(38) [...] *hvor samisk læreverket ikke er obligatorisk*

Dette eine dømet kan i og for seg oppfattast som eksempel på at førestilt bunden artikkel er utelaten, altså *hvor det samiske læreverket*. Men konteksten tilseier at ubunden form – *samisk læreverket* – vil vere den mest naturlege norske uttrykksmåten.

Reglane for bruk av dobbelt bunden form i norsk synest òg vere vanskelege å tileigne seg. Påfallande er det at det ofte er den førestelte artikkelen som bli stroken, som i (39), (40) og (41):

(39) *Læreren hadde ikke kjennskap til samiske språket*

(40) *gamle dronninga*, for »den gamle dronninga«

(41) *helhetlig bildet*, for »det helhetlige bildet«

Interessant er det at fleire av elevane omtalar språket norsk konsekvent som (42) og samisk som (43):

(42) *norskspråket*

(43) *samiskspråket*

Dette er opplagt etter samisk mønster, ›dárogiella‹ og ›sámegiella‹.

I eit tidleg arbeid frå Lyngen nemner Nesheim²² tendensen til å bruke suffigert etterhengd artikkel etter førestelt possessivt pronomen. Slike setningar er ugrammatiske på norsk. Nesheim nemner fleire døme, m.a. »Kor min tøflan e?« og »Kæm du e sin småguten?« Det er blitt hevda at norskkompetansen hos samar no er så stor at denne konstruksjonen knapt førekjem lenger. I det materialet eg har undersøkt, er det likevel fleire døme på konstruksjonen, og i tillegg nokre andre, tilsvarande døme

21 Todal: 1996, II2.

22 NESHEIM: 1952.

der dobbelt bunden form er ugrammatisk på norsk. Ein skulle kanskje tru at slike konstruksjonar ville vere mindre frekvente i skrift enn i tale. Når ein skriv, har ein i regelen tid til å tenke seg om, og i ein eksamenssituasjon vil ein vel også lese nøye gjennom det ein har skrive. Døme frå materialet mitt er:

- (44) barnets førstespråket
- (45) på sitt morsmålet
- (46) sitt eget morsmålet
- (47) noen samiske foreldrene

(47) er helst å sjå på som eit døme på hyperkorrekt bunden form fleirtal. I (48) og (49) er frasen tvitydig med omsyn til binding; her er både ubunden og bunden artikkel med:

- (48) en helsetningen
- (49) en lav nivåen

I (50) og (51) er i tillegg numerus tvitydig markert:

- (50) sitt morsmållspråklige ferdighetene
- (51) hvilke nivået

Dei frasane som eksemplifiserer samisk interferens eller substrat som vi hittil har sett på, har det til felles at dei representerer fenomen som er fråverande i samisk, genus og morfologisk binding. Numerus som vi no skal ta føre oss, er derimot markert i samisk som i norsk, i samisk også med dualis i tillegg til singularis og pluralis. Døma (50) og (51) ovanfor viser samanblanding av singularis og pluralis i tillegg til hyperkorrekt bruk av dobbelt bunden form. Døma nedanfor viser sameleis problem med numerus, men ikkje med binding. Men substantivet *ferdighet* har i alle døma fått feil genus, n. for m.:

- (52) sitt førstespråklige ferdigheter
- (53) sitt reseptive ferdigheter
- (54) sitt produktive ferdigheter

Det bør nemnast at alle desse tre frasane er produserte av den same studenten.

Det kan ofte vere vanskeleg å vurdere korleis ein skal kategorisere somme av avvika. Er t.d. (55) døme på samanblanding av singularis og pluralis? Eller demonstrerer eksemplet berre bindingsproblematikk?

- (55) *Skolen kjenner kulturelle bakgrunner til samiske barnet*

(56), (57) og (58) derimot er meir opplagt:

- (56) hvilket metoder
- (57) sine bakgrunnet
- (58) sin egen grammatiske regler

Det er muleg det er feil å omtale dette som ›samanblanding‹ av singularis og pluralis. Like nærliggande er det å vurdere desse døma som uttrykk for at studenten ikkje kjenner dei aktuelle norske pronomenformene godt nok. Til dømes vil pronomenformene hvilken/hvilket/hvilke knapt vere i munnleg bruk i samiske område. Dei er reine skriftspråksformer og truleg ikkje særleg frekvente i tekstar allmennlærer- og førskolelærarstudentar skriv til vanleg. Da handlar det altså ikkje om at studenten ikkje skil mellom eintal og fleirtal, men rett og slett at ho ikkje har lært dei aktuelle formene som uttrykker dette skiljet.

Kategori II: Verbalet

I denne kategorien er det langt færre døme. Det kan for ein del komme av at verbalsyntaks, som t.d. leddstilling innanfor verbalfrasen, og valensforhold, er registert under V: Syntaks. Dei få døma eg har notert her dreier seg om infinitiv og tempusbruk. Samisk har ikkje noko som svarer til infinitivmerket *å* på norsk, så (59) kan forklarast ut frå det.

- (59) *prøve [-] få barnehagen [-] bruke mer litteratur*

Tilsvarande kan såkalla og-/å-feil gjevast same forklaring, men slike normavvik finst det talrike døme på i eksamenssvara til studentar med norsk morsmål også, så dei er ikkje tatt med her. Dei resterande døma eksemplifiserer tempusformer og –bruk som ein ikkje ville vente å finne hos studentar med norsk morsmål. Det finst m.a. fleire døme på normavvikande perfektumsformer som:

- (60) *har bruk*
- (61) *har forsøk*
- (62) *har synget*
- (63) *har etet*

I tillegg er det fleire eksempel på *r*-bortfall i presens, som *lære* og *berge*, men det er vanlege nordnorske talemålsformer og har neppe noko å gjere med at tekstforfattarane i dette tilfellet er samiskspråklege, jamvel om frekvensen av denne typen avvik synest vere høgare enn det ein ville vente i

eit tilsvarende sett eksamenssvar frå studentar med norsk morsmål. Dei er likevel å sjå på som talemålsrelaterte avvik, all den stund dei truleg svarer til den norske dialekten eller etnolekten²³ studentane talar.

Det finst også ein del avvikande konstruksjonar der samisk berre ville hatt verbet i infinitiv, men der norsk også krev preposisjon, som:

(64) [...] *hvor de forplikter seg [-] å sikre samenes rettigheter*

I (64) er preposisjonen *til* stroken; den slags uttrykk er elles frekvente i norsk finnmarksmål.

(65) *Sigmund overtaler også faren til Markus om å reise*

(66) [...] *presse henne om å bli med*

I (65) og (66) er *om* brukt i staden for *til*; eksempla vil nok av dei fleste norsktalende bli vurderte som døme på ›feilaktig‹ norsk. Denne typen konstruksjonar er talde med og blir nærmare omtala dels under neste underavsnitt, i dei tilfelle der preposisjonsbruken er avvikande, dels i avsnittet om utelatingar, i dei tilfella der preposisjonen er stroken.

Kategori III: Preposisjonar og preposisjonsuttrykk

Grunnen til at eg har valt å ha med ein eigen kategori for preposisjonar og preposisjonsbruk og ikkje behandlar dei aktuelle normavvika som ei undergruppe under kategori V: Syntaks, eventuelt også under II: Verbalet, er at det her er registrert svært mange normavvik. For å gjere framstillinga meir oversiktleg har eg derfor etablert ein eigen kategori for denne typen avvik. Dessutan synest bruk av norske preposisjonar generelt vere noko av det vanskelegaste å lære for ein som lærer norsk som fremmspråk. Og sidan samisk er eit kasusspråk og ikkje har preposisjonar, om ein ser bort frå at visse postposisjonar også kan opptre preposisjonelt, må ein rekne med at samiskspråklege kanskje vil ha ekstra store problem med norske preposisjonar.

For å prøve å forstå den avvikande preposisjonsbruken i språkssystem-samanheng har eg gruppert avvika i desse tre underkategoriane:

III, 1: Norske preposisjonsuttrykk som tilsvarar samiske lokativkonstruksjonar

III, 2: Norske preposisjonsuttrykk som tilsvarar samiske illativkonstruksjonar

III, 3: Norske preposisjonsuttrykk som tilsvarar samiske komitativkonstruksjonar

23 No veit eg jo ikkje korleis den enkelte studenten snakkar norsk. Det er likevel grunn til å tru at det norske talemålet til dei fleste på ymse vis vil ha preg av at førstespråket deira er samisk. Derfor er omgrepet etnolekt meir dekkjande enn dialekt.

Dessutan finst det nokre døme der ein normavvikande konstruksjon ville blitt omsett med samisk essiv. Men da er det ikkje nødvendigvis preposisjonsuttrykk som blir brukt som avløyning for den samiske kasusforma.

Eg har registrert 146 døme på normavvikande preposisjonsbruk av typen III, 1–3. Langt dei fleste (om lag 70 %) finst i uttrykk der samisk ville hatt lokativ, Om lag 20 % ville måtta blitt omsett med samiske illativkonstruksjonar og dei resterande 10 % med komitativ. Dette tyder ikkje at det er lettare å gjere feil i norsk der samisk har lokativ. Det inneber sannsynlegvis at lokativkonstruksjonar er svært frekvente både generelt og i den typen sakprosa vi her har med å gjere. Det er sjølvstøtt ikkje det semantiske relasjonsinnhaldet som preposisjonane uttrykker, som er det vanskelege her; det uttrykker jo samisk gjennom kasus. Problemet består heller i å kunne skilje mellom preposisjonar som uttrykkjer meir eller mindre det same, som preposisjonane *i* og *på* i påstadsuttrykk og *av* og *frå* i fråstadsuttrykk. Normavvikande preposisjonsbruk for samisk lokativ kan òg ha si forklaring i at lokativ historisk sett er samanfall av to kasus, ein påstads- og ein fråstads kasus. I og med dette samanfallet kan ein tenke seg at det semantiske skiljet mellom ein fråstadsrelasjon og ein påstadsrelasjon ikkje er så framtrèdande for ein samisktalande. Substantivet vil i begge tilfelle vere markert med same bøyingsmorfem, nemleg det morfemet som markerer lokativ. Sameleis som ved lokativ vil det ut frå samisk illativ vere vanskeleg å vurdere når norsk krev preposisjonen *i* og når *til* skal brukast.

Døme på normavvikande norsk preposisjonsbruk der samisk ville brukt lokativ:

- (67) Noen nordmenn utvikler frykt *over* fremmede kulturer og språk
- (68) Mulighetene ligger *på* skolens geografiske beliggenhet
- (69) *i* det nåværende tidspunkt
- (70) regler *av* målspåket (for *for*)
- (71) påvirkning *av* morsmålet fra [...]
- (72) *på* ei skogbygd
- (73) *på* fjerde avsnitt
- (74) *i* 50-tallet
- (75) kompetanse *til* faget
- (76) *I* hvilke nivået ligger [...]
- (77) innholdsforståelse *på* fagene
- (78) det fonetiske systemet *av* norske konsonanter
- (79) Han tar utgangspunkt *fra* morsmålet
- (80) Jeg spør *hos* hver enkelt²⁴

²⁴ Dette er ein svært frekvent omsetting av samisk *jearrat* + lokativ. Ein kan høyre ›spørje hos‹ også mellom einspråkleg norske finnmarkingar.

(79) illustrerer poenget ovanfor der eg antydar at skilnaden mellom ein fråstads- og ein påstadsrelasjon kan vere blitt irrelevant gjennom kasus-samanfall. Det lar seg ikkje gjere å omsette setninga direkte til samisk, men om lånar ordet ›utgangspunkt‹ frå norsk, får vi: *Son váldá utgangspunkta eatnigielas. Eatnigielas* er ei lokativform, og frå eit samiskspråkleg synspunkt blir det det same om relasjonen som kjem til uttrykk, er ein *i-/på-av-/frå-*relasjon.

I (81) er det sannsynlegvis ei lokativ *lea*-setning som ligg til grunn for den norske versjonen:

(81) [-] tredje setning i tredje linje har da byttet om med på

Døme på at ein samisk lokativkonstruksjon blir omsett til norsk utan preposisjon har vi i (82) og (83):

(82) *Konsonanten -t mangler [-] ordet ›det‹ ›váilu sánis‹*

(83) både prøve og stoppe står [-] infinitivform

Døme på avvikande preposisjonsbruk som avløyning for samisk illativ:

(84) jeg er glad *til* fisk (Dette må vere meir eller mindre direkte omsett frå samisk ›Mon lean váibmil guollái‹.)

(85) feil som skyldes *på* alder og modenhet

(86) går de to jentene til rommet (for ›inn i rommet‹)

(87) En ny jente begynner *på* klassen

(88) Siss lover *til* seg selv

(89) *Under* denne kategorien hører det kommafeil ›Dan vuollái‹

(90) Staten er pålagt til å hjelpe

(91) velger å bruke systemet for svake verb *til* sterke verb

(92) å bli kastet *i* en klasse- (for inn i)

(93) Eleven har blandet ordet dohkka *til* duga

(94) bruker grammatiske ord og uttrykk fra (lok.) morsmålet *til* (ill.) det språket man holder på å lære

(95) slik at også samiske vokaler skrives *til* norsk med o

(96) når det bøyes *til* flertall

(97) – har forsøkt å direkte oversette *ord til ord* [›sánis‹ (lok.) ›sátnái‹ (ill.)]

Her har eg gjeve att litt ulike døme, jamvel om det i det totale materialet kan verke som det er ein sterk tendens til at preposisjonen *til* er overrepresentert i norske konstruksjonar som erstattar samisk illativ. Det gjeld først og fremst der ein på norsk helst vil ha det nominale leddet som indirekte objekt, som i (98).

(98) Hun fortalte *til dem* eventyr

Samar som snakkar norsk, vil såleis vanlegvis heller seie *Eg skal fortelje ei historie til deg* (eventuelt med same leddstilling som i (98) *Eg skal fortelje til deg ei historie*), enn *fortelje deg ei historie*.

Døme på avvikande preposisjonsbruk som ville svare til samisk komitativ:

(99) kommunisere *med* andrespråket (›gullahallat nuppín gielain‹)

Døme på avvikande norske konstruksjonar der samisk essiv truleg ligg til grunn, har vi i (100) og (101):

(100) kalles *som* mellomspråk
(101) å kalle det *som* substrat

(100) og (101) er rett nok ikkje døme på avvikande preposisjonsbruk; eg nemner likevel desse døma her fordi dei norske konstruksjonane synest vere direkte omsettingar av samiske essivformer.

Eit par døme på preposisjon som del av verbalet er gjevne under II (64–66). (102)–(104) er andre døme på det same:

(102) – få tak *over* strukturene i teksten (for ›få tak(et) på‹)
(103) – en tekst som de kan øve *med* (for ›på‹)
(104) – å tenke *om* barna (for ›tenke på‹, jf. samisk *jurddašit ... birra*)

I alle desse tre døma er det altså *på* som er den ›rette‹ preposisjonen. Men korleis veit ein det? Reint logisk kunne det godt ha heitt t.d. *få tak(et) over*. Dei samansette uttrykka må lærast som idiom, eitt for eitt. For samiske barn som også lærer norsk, er det ein ekstra komplikasjon at mykje av den mønsterdannande norsken dei høyrer i omgjevnadene sine, blir produsert av personar med norsk som andrespråk. Det vil ofte kunne innebere at slik ›uortodoks‹ preposisjonsbruk som døma ovanfor viser, blir normgjevande. Slik vil språkending kunne skje. Men kor stor normkraft norsken i Sápmi har i forhold til norsk elles i Norge, er eit anna spørsmål som eg så vidt vil komme inn på mot slutten av denne artikkelen.

Kategori IV: Utelatingar

Fordi samisk uttrykker så mykje meir gjennom bøyingsendingar enn norsk gjer, kan setningsledd eller delar av setningsledd lettare utelatast eller strykast utan at meining går tapt. Det fører til at samiskspråklege kan ha ein tendens til å underforstå eller til ikkje å uttrykke setningsledd(-de-

lar) eksplisitt når dei snakkar eller skriv norsk også i tilfelle der slik stryking ikkje er muleg på norsk.

Ulike typar ledd kan strykast. Ofte vil det vere trykksvake ord og uttrykk, anaforiske pronomen t.d. Eg har registrert fleire døme på stryking av relativpronomen og temmeleg mange der refleksiv pronomen er utelate. Infinitivmerket, konjunksjonar og preposisjonar er også ofte utelatne. Som i norsk kan subjektet utelatast når det er underforstått, men det synest skje oftare når samiskspråklege snakkar eller skriv norsk, enn hos norske morsmålsbrukarar. I tillegg har eg nokre eksempel på at objektet er utelate. Resultatet blir da setningar som norsktalande vurderer som ugrammatiske.

Trykklett *det* i subjektposisjon er ofte utsett for stryking:

- (105) [...] *og at* [-] *må være lov til å være den man er*
 (106) *Fortelleren forteller først hva slags dyr som* [-] *skal fortelles om*
 (107) *I nyere tider viser* [-] *seg at eventyr fenger* [...]
 (108) *I samisk heter* [-] *náitalit*
 (109) *Slik kan* [-] *hende at barn utforsker fantasi og virkelighet*

Da samisk ikkje har noko formelt subjekt, anna enn som påverknad frå skandinavisk, er det samiske grunnlaget for dei norske setningane ovanfor setningar utan subjekt.

Døme på utelating av andre trykklette subjekt gjev (110):

- (110) [-] *ville forklart for assistenten hvor viktig* [...]

Her er det pronomenet *jeg* som er utelate. Slike setningar er sjølv sagt i mange tilfelle akseptable på norsk. I samiske setningar vil det jo gå fram av verbet *kven* eller *kva* som er subjekt, så at eit subjekt ikkje blir eksplisitt uttrykt på anna vis enn gjennom verbet, er naturleg. Men i eit norsk-språkleg perspektiv er frekvensen av subjeksstryking i dei undersøkte tekstane påfallande høg, så høg at tekstane tidvis får preg av telegramstil. Såleis bryt desse strykingane med normene for normal sakprosa. Liknande døme har vi i (111) og (112):

- (111) [...] *og dermed skriver* [-] *også ordet med å* [...]

Her er det ›eleven‹ det blir referert til; det strokne pronomenet er altså *han* eller *ho* eller begge.

- (112) *Hvis barnehagen er tospråklig, da lager* [-] *dørskilter på begge språk*

I (112) er *vi* det underforståtte pronomenet.

Utelating av samanlikningskonjunksjonen *som* gjev (113) og (114) døme på:

- (113) *Mobbingen brukes på en måte [-] en hovedverktøy*
 (114) *[...] slik at man vet hvilke regler og systemer [-] er morsmålets og hvilke regler og systemer [-] er målspråkets*

Andre konsjunksjonar er utelatne i døma nedanfor:

- (115) *[...] som eks. [-] guttene ble forvandlet til villender*
 (116) *Cummins mener [-] hvis [...]*

I begge desse tilfella er det *at* som er utelate. I (117) er det *for* eller *over til*:

- (117) *Vi går så [-] å tegne noe til eventyret*

Som alt nemnt blir refleksivpronomen ofte stroke:

- (118) *han bestemte [-] for å [...]*
 (119) *Fortelleren henvender [-] direkte til leseren*
 (120) *Gamle dronninga lister [-] også til henne flere ganger*
 (121) *Siss holder [-] for seg selv*
 (122) *[...] viktig at man har forberedt [-] godt på [...]*

Mest påfallande i norske øyre er nok objektstrykingar:

- (123) *Selv om de voksne ikke sier [-] direkte, [...]*
 (124) *[...] og vannfly skal det være, egentlig et sammensatt ord, men han har skrevet [-] fra hverandre [...]*

Her er det eit trykklett *det* som er underforstått. I samisk er ei slik utelating av objektet heilt i samsvar med grammatikken; i norsk er konstruksjonen ugrammatisk. Slike eksempel er relativt sjeldne.

I (125) er verbalet utelate:

- (125) *en slik skole hvor det bare er majoritetsspråket som [-] undervisningsspråket [...]*

Heller ikkje slike strykingar er særleg frekvente.

Infinitivmerket er utelate i (126) og (127):

- (126) *noe som gjør at barn lære [-] ta vare på [...]*
 (127) *[...] er med på [-] beskrive stemningen*

(126) og (127) representerer meir frekvente strykingar enn (123)–(125). Enda meir frekvent synest stryking av stranda preposisjonar å vere. Slik stryking førekjem også ofte hos norske morsmålsbrukarar, men igjen er inntrykket at frekvensen er høgare i dei undersøkte tekstane enn det ein ville vente i tekstar av studentar med norsk morsmål. (128)–(130) gjev slike døme:

- (128) [...] *andre måter man kan arbeide med litteratur* [-]
 (129) *Den delen hvor bøyningsendelese er gale, kan det være at dialekten har virket inn* [-]
 (130) *Her ville tegninger være en fabelaktig måte å hjelpe til med bokstavlek eller bokstavrim* [-]

Preposisjonar kan også utelatast når dei står eller skulle stått i direkte kontakt med det nomenet eller verbet dei relaterer seg til:

- (131) [...] *hvor ungene sel får forsune seg* [-] *hva dem har lust* [...]
 (132) *Barn liker veldig godt å bli gjentatt* [-] *flere ganger*
 (133) *Det sitter* [-] *hver side et barn*
 (134) [-] *imperative setninger kan verbalet stå alene*
 (135) *kasusene forteller* [-] *posisjonene til substantivet*
 (136) *Samisktalende barn har ikke trening* [-] *det å snakke*
 (137) *Barn blir oppmerksomme* [-] *at ord kan deles opp*
 (138) [...] *legger stor vekt* [-] *at ansatte snakker samisk*

Kategorien utelatingar utgjør 13,3 % av det totale talet på normavvik. Ein stor del av dette er utelating av preposisjonar. Hadde eg plassert desse i kategorien for preposisjonar og preposisjonsbruk, ville den blitt ein god del større, mens utelatingskategorien ville blitt tilsvarende mindre.

Kategori V: Syntaks

Også denne kategorien har mange avvik slik eg har rekna dei, jamvel om eg også her kunne ha komme fram til eit heilt anna resultat om eg hadde rekna nominalsyntaks med. Prinsipielt kunne dessutan både kategori III og IV vore tatt med her. Da hadde syntaksavvika blitt den absolutt største kategorien. Det som da hadde stått att, hadde vore reine ortografiske avvik og andre avvik på ordnivå. Dei avvika eg no har rubisert under syntaks, er slike som dreier seg om leddstilling, valens, kasus²⁵ og det eg har kalla ›anna‹.

Leddstilling

Av dei 188 avvika som er med i kategori V, er 66, altså godt og vel ein tredjedel, leddstillingsavvik. I all hovudsak går avviket ut på at leddsetningar får V2, etter mønster frå heilsetningar, og oftast skjer dette når det er eit nektingsadverbial i setninga:

²⁵ Det vil seie avvikande kasusformer i norsk, altså ved bestemte personlege pronomener.

- (139) [...] *at det er ikke sammenheng på innholdet og lengden av et ord*
 (140) [...] *fordi det var ikke så mange som [...]*
 (141) *Barn ser at de minus egenskaper hjelper ikke noen og at man ikke kommer i vei*

I (141) ser vi at mens den første leddsetninga har V2, har den andre heilt korrekt V3.

Leddsetningar med andre adverbial enn nektingsadverbial kan òg ha avvikande leddstilling:

- (142) [...] *er noe som vi støter på ofte i eventyr*
 (143) [...] *at han tenker plutselig i jeg-form [...]*
 (144) *I eventyr finnes det ord eller setninger som er veldig ofte med*
 (145) [...] *at de andre barna er også av sjøsamisk ætt*

Også setningar utan setningsadverbial kan ha avvikande leddstilling:

- (146) *Barna hvet hvordan skal man klæ når det er kalt*
 (147) [...] *den måten lærer den barna hvor og hvordan ser man durespur*
 (148) *Vi har sett på når skal man skrive [...]*
 (149) [...] *sett på hvor mye kjenner de til [...]*
 (150) [...] *undersøker hvordan kan været være [...]*

Også i heilsetningar kan det førekomme avvikande leddstilling:

- (151) *Assistenten kunne hatt en gang i uken lesehalvtime*
 (152) *Den andre ikke ser hva som er på den andre siden*
 (153) *Det har gjort heldigvis forholdene lettere*
 (154) *Han ikke tyr til tårer*
 (155) *Til familien hører også med bestefaren*

I (152) og (154) er nektingsadverbet *ikke* plassert der det samiske nektingsverbet normalt står, nemleg rett før hovudverbet. (155) er ein konstruksjon der ein (normalt) stranda preposisjon er flytta fram, men plassen der preposisjonen *med* er flytta til i setninga, verkar noko påfallande.

Valens

Fordi samisk er eit kasusspråk, vil det sannsynlegvis vere fleire verb som er treverdige der enn i norsk. Til dømes vil eit indirekte objekt i illativ i mange norske dialektar måtte omsettast med eit preposisjonsuttrykk.²⁶ Dette er ikkje beskrive grundig nokon stad, men mange søringar finn også

²⁶ Kanskje det er derfor samar som talar norsk, kan tendere til å bruke preposisjonsuttrykk i staden for indirekte objekt også når indirekte objekt er å føretrekke, t.d. *Han fortalde til meg at [...]* i staden for *Han fortalde meg at [...]*.

nordnorsk verbalsyntaks påfallande nettopp av same grunn. Jf. Bull²⁷ som eksemplifiserer denne tendensen med setningar som »Vi kan skjere deg ein spegl«.

Men også det motsette kan vere tilfelle. Til dømes er det i materialet mitt eit par døme på at verba *beherske* og *mestre* er einverdige, altså:

(156) *Han behersker*

(157) *Må heller ikke glemme å gi ros når barna mestrer*

Også verbet *love* fungerer som einverdig i (158):

(158) [...] *men Siss lover ikke*

Eg har i fleire samanhengar tidlegare observert at *berge* blir brukt som eit einverdig verb når samar snakkar norsk, som i *æ berge nok*, etter samisk mønster *gal mon birgen*. Nett det finst det ikkje eksempel på i dette materialet. Nett dette dømet kunne alternativt illustrere kategorien refleksivstryking. Og omvendt kunne døma der refleksivt pronomener er utelate, oppfattast som døme under dette avsnittet om valens.

På den andre sida er verbet *fantasere* toverdige i (159):

(159) *Barn kan selv fantasere bilder*

Det som kan kallast overrepresentasjon av preposisjonsuttrykk i staden for indirekte objekt, er det ei rekkje døme på ved verb som fortelje, forklare, vise:

(160) *Eventyr viser til barn forskjellen på godt og vondt*

Kasus

Alle døma her handlar om feil kasusform av 3. person pl. av personleg pronomener, altså ›dem‹ for ›de‹ og omvendt. Dette er talemålsavhengige avvik og finst i dei fleste norske dialektar, m.a. dei nordnorske. Slik sett er desse avvika ikkje spesielt interessante i denne samanhengen. På den andre sida har jo samisk ulike pronomener alt etter kva kasus det er snakk om. Så her er det nok nordnorsk mål som ligg til grunn og ikkje samisk interferens. Eg gjev att eit par døme:

(161) *da lærer dem best*

(162) *forklare de at [...]*

27 BULL: 2004, 192.

Anna

Svært mange av eksempla her er anakoluttar. Det er ikkje sikkert at alle døma som eg har registrert, må forklarast ut frå førstespråkskompetansen til studentane. Eg har likevel rekna alle anakoluttar med her, ikkje minst fordi det er svært mange eksempel i materialet. Eg har med andre ord ikkje prøvd å vurdere kva for av dei som kan ha utgangspunkt i samisk syntaks og kva for som kan forklarast på andre måtar.

- (163) *Barn lærer om hvordan man bør og ikke bør oppføre seg på*
 (164) *Barnehagen er kanskje den institusjonen som man har mest tid*
 (165) *De lærer om hvilke egenskaper det lønner seg å ha for å komme seg frem i livet på*
 (166) *Det er altså viktig å ha bokstaver og bilder som hører til lett tilgjengelige for barna*
 (167) [...] *eksempel på slik subtraktiv metode kan være under fornorskningsprosessen*

Andre fenomen som er registrerte her, er forvekslingar av possessiv med og utan refleksiv funksjon, som i (168) og (169):

- (168) *De får først lære seg om deres egen kultur* (for ›sin egen kultur‹)
 (169) *Moster løser Siss fra sitt løfte til seg selv* (for ›fra hennes løfte‹)

Dette er avvik som ein òg vil kunne finne hos norske morsmålsbrukarar. Det gjeld for øvrig også (170) og (171). Men når *hvordan* blir brukt for *hvilke* i nordleg nordnorsk mål, som i desse to døma, er det kanskje samisk *makkár* som ligg til grunn²⁸.

- (170) [...] *hvordan bøker* [...]
 (171) [...] *hvordan erfaringer* [...]

Kategori VI: Ortografi

Som nemnt er ikkje alle ortografiske avvik tatt med i denne samanhengen. Bortsett frå den store gruppa med særskriving av samansette ord er det berre ortografiske avvik som direkte kan relaterast til samisk, som er registrerte.

117 av dei 179 registrerte avvika her er døme på særskriving av samansette og jamvel avleidde ord. Det utgjer godt over 60 %. Det var nettopp frekvensen av dei som førte til at eg valde å ta dei med her, for dei har

²⁸ På den andre sida er dette eit velkjent fenomen i mykje norsk, jf. t.d. austnorsk *Åssen bil liker du?*

ingenting å gjere med at tekstforfattarane er samar. Dette er ein type avvik som er blitt rapportert som meir og meir frekvent hos skoleelevar og studentar i dei siste par tiåra. Mange forklarar dei som resultat av engelsk-påverknad. Ei slik forklaring heftar det ein del problem ved, utan at eg vil gå inn på denne diskusjonen her. Det er likevel ikkje så beintfram å komme opp med ei alternativ og betre forklaring. Det som er interessant for oss i denne samanhengen, er å konstatere at det ikkje synest vere nokon skilnad på norske og samiske studentar når det gjeld denne typen normavvik. Rett nok må eg bygge på inntrykk. Eg har ingen tal å jamføre med når det gjeld frekvens av slike avvik i tekstar skrivne av norske studentar. Heller ikkje kjenner eg til at det finst kvantitative jamføringar som verkeleg viser at det har skjedd ei auke i denne typen normavvik, jamvel om det er noko svært mange, ikkje minst lærarar, har inntrykk av og stadig rapporterer om. Døme er det iallfall lett å finne:

- (172) *barne gruppen*
- (173) *blokk bokstaver*
- (174) *dialekt trekk*
- (175) *komma feil*
- (176) *innvandrer barn*
- (177) *kasus språk*

Enda meir påfallande blir det når avleidde ord blir skrivne som to ord:

- (178) *inn hold*
- (179) *på virkning*

I ein særklasse står (180):

- (180) *substan tiv*

Ein grunn til å ta med og diskutere denne gruppa, er at desse avvika set andre ortografiske normavvik i relieff, særleg dei som openbert må sjåast på som samisk substrat-interferens. Dei siste er altså langt færre enn særskivingane, noko som i seg sjølv er interessant. Kvifor det er slik, er ikkje så godt å svare på, men det seier iallfall noko om at dei som har skrivne dei aktuelle tekstane, må ha høg norskkompetanse. Ikkje berre begår dei same typen ortografiske feil som einspråkleg norske, også når desse feilane ingenting har å gjere med uttale eller talemål, men desse feilane er altså meir frekvente enn uttalerelaterte feil, og dei er mykje meir frekvente enn ortografiske feil som kan førast tilbake til samisk fonologi og fonotaks.

Døme på ortografiavvik som har samisk grunnlag har vi i (181)–(193):

- (181) *blukke blomster*
- (182) *braktiske* (for ›praktiske‹)
- (183) *draverne* (for ›traverne‹)
- (184) *brydd* (for ›brudd‹)
- (185) *myltebær* (for ›multebær‹)
- (186) *drupper* (for ›drypper‹)
- (187) *durespur* (for ›dyrespor‹)
- (188) *lust* (for ›lyst‹)
- (189) *rupesnare* (for ›rypesnare‹)
- (190) *flukte* (for ›flykte‹)
- (191) *forsune seg* (for ›forsyne seg‹)

Kategori VII: Leksikalske og stilistiske drag

Kategori VII er den siste kategorien. I omfang er den ikkje særleg stor. Berre i underkant av 6 % av avvika høyrer heime her. Kategorien rommar dessutan svært ulike former for avvik. Det dreier seg om avvikande ordbruk, avvikande stilistiske val og det eg i mangel av eit betre uttrykk har kalla ›kreativ norsk‹. Det kan vere nylagingar av idiom e.l.

Avvikande idiom gjev (192)–(195) døme på:

- (192) *Barns interesse legger utgangspunktet i hva vi velger*
- (193) *fortelle om noe som er på hjertet*
- (194) *gi spørsmål* (for ›stille spørsmål‹)
- (195) *Han har satt seg helt til ro med den regelen* (for ›slått seg helt til ro‹)

I (196) og (197) er det samisk *bidjat* som ligg til grunn for valet av norsk verb:

- (196) [...] *putter feil ord og lyder i setningen*
- (197) [...] *sette lyder i setninger*

Stilbrott vil truleg bruken av verbet *slarve* i (198) oppfattast som døme på:

- (198) *Vi kan sette ord på våre tanker og følelser og slarve med våre beste venner*

Verbet *slarve* har tydelegvis eit anna innhald for denne skribenten enn for dei fleste norskspråklege.

(199)–(203) har eg kategorisert under ›kreativ norsk‹:

- (199) *Siss tar framsteget* (for ›initiativet‹)
- (200) *å kunne synge seg til ord, bokstaver og tall*
- (201) *bevariggjøre* (for ›bevare‹)
- (202) *statusgjøringen av et språk*
- (203) *Bildene bør være så akkurate som mulig*

Diskusjon

Denne artikkelen består først og fremst av registrering og systematisering av samiskrelaterte normavvik i norske tekstar som er skrivne av velutdanna samisk ungdom. I kva grad desse normavvika representerer stabile drag i den norsken desse ungdommane bruker til vanleg, er eit anna spørsmål. Men mange av dei representerer språkdrag som er registrerte tidlegare, først og fremst i arbeid som analyserer munnleg språkbruk²⁹, men òg i undersøkingar av skriftlege tekstar³⁰. Slik sett må vi kunne slå fast at mange av desse avvika (om ikkje nødvendigvis alle) representerer heilt vanlege drag i norsken til mange samar som har norsk som andrespråk. Somme av dei er dessutan vanlege i nordleg nordnorsk mål. Det inneber ofte at det er tale om opphavleg samiske substratfenomen som har fått så stor utbreiing og truleg har vore i bruk over så lang tid at dei har festa seg i norske dialektar i Sápmi.

Den som blir feira med dette festskriftet, Jurij Kusmenko, har bidratt til å omskrive og nyskrive nordisk språkhistorie i eit språkkontaktperspektiv. Han har, dels som eineforfattar og dels saman med Michael Rießler, i fleire arbeid påvist at den etablerte nordiske språkhistoria ofte er skriven ut frå nordisk-nasjonale og/eller nasjonsbyggande perspektiv som definerer ut den innverknaden finsk-ugrisk, særleg samisk, har hatt på nordisk mål.³¹ Dei draga i nordiske mål som Kusmenko (og Rießler) ser på som sannsynlege resultat av språkkontakt mellom nordisk og finsk-ugrisk, er alltid drag som er spesielle for nordgermansk i høve til andre germanske språk. Det gjeld t.d. bestemte enklisefenomen som etterhengd bunden artikkel og refleksiv- og passivformer på *-s(t)*. Det gjeld vidare jamning i norske og svenske dialektar, som blir sett i samanheng med samisk metafoeni. Det er med andre ord nokre grunnleggjande drag i grammatikken til dei nordiske måla Kusmenko (og Rießler) hevdar kan ha oppstått på grunnlag av kontakt med samisk.

29 Jf. t.d. BULL, JUNTILA og PEDERSEN: 1986; JUNTILA: 1988; PEDERSEN: 1994; SOLLID: 2003 og BULL: 2004.

30 Jf. TODAL: 1996 og HAGAN: 1977.

31 Denne måten å samanfatta Kusmenkos (og Rießlers) fortanestefulle innsats på er min, ikkje deira. Arbeida deira er saklege vitskaplege arbeid, utan noka form for kritisk brodd mot tradisjonell nordisk språkhistorieskriving. Implisitt seier desse arbeida likevel mykje om behovet for å studere både eldre og nyare nordisk språkhistorie mykje grundigare i eit språkkontaktperspektiv. Jf. t.d. KUSMENKO: 2001, 2002, 2003, 2004, 2005; KUSMENKO og RIESSLER: 2000; RIESSLER: 2002 og 2004.

Jamført med dei fenomena Kusmenko har vore opptatt av å undersøkje, er dei språkdraga eg har påvist i det materialet eg har analysert, meir for språklege ad hoc-fenomen eller marginalar å rekne, i større eller mindre grad. Bortsett frå dei draga som er etablerte som dialekt- eller etnolektdrag i nordleg nordnorsk mål, er det lite eller ingenting som tyder på at avvikande og skiftande genustilskrivning t.d. har spreidd seg til andre grupper enn samar som lærer norsk som andrespråk. Det er også grunn til å tru at det var meir av slikt i norsken til samar i tidlegare tider enn det er no.³² Slik sett kan vi neppe rekne med at dette er fenomen som har noka sterk form for innverknad på norsken til t.d. norsktalande i Sápmi i dag. På den andre sida kan truleg dei sterke analogitendensane som slår ut i genusbøyinga i det norske målet i Nord-Troms og Finnmark³³, forklarast som indirekte resultat av kontakten med samisk. Om vi derimot freista å gjere ei systematisk undersøking av norsken i indre Finnmark i dag, og primært valde ut relativt gamle informantar, ville vil heilt sikkert måtta ta stilling til korleis vi skulle behandle ei rekkje av dei fenomena eg har registert i dette arbeidet, i systemsamheng.

Trass i at mange av dei registrerte fenomena i denne artikkelen kan vere relativt marginale, iallfall i høve til utvikling og endring av nordleg nordnorsk mål, er det viktig å vere medveten om at dei finst. Ikkje minst gjeld det i skole- og undervisningssamheng. For lærarar som underviser samiske barn og ungdommar i norsk, er kjennskap til potensiell samisk interferens nødvendig fagdidaktisk ballast. For lingvistar er det viktig å ha kunnskap om avvikande former som synest oppstå på nytt og nytt i den norsken som blir produsert av samar når dei snakkar og skriv norsk. Både i eit lingvistisk òg i eit språkpolitisk og språksosialt perspektiv er det eit stort behov for å skaffe fram meir kunnskap om kva to- og fleirspråklegheit reint faktisk inneber. Arbeid med slike andrespråkstekstar som dei som ligg til grunn for denne artikkelen, kan bidra til større forståing av språktileigning og språklæring, og kan gje inntak til større kunnskap om fleirspråklegheit og om dei pedagogiske og språksosiale vilkåra barn og unge som lærer norsk som andrespråk, lever under.

32 Det er fullt muleg å sjå for seg at genus- og bestemtheitsbøying kunne ha forsvunne frå nordleg nordnorsk mål, om det ikkje hadde vore for den normative innverknaden norsk skriftspråk har hatt gjennom allmenn skolegang og norskopplæring for alle. Fornorskingsprosessen har sjølvstøtt også hatt mykje å seie i denne samanhengen.

33 T.d. bunden form fleirtal på *-an* i alle genera.

REFERANSAR

- BULL, Tove, Jorid Hjulstad JUNTTILA og Aud-Kirsti PEDERSEN: »Nominalfrasen i skibotnmålet i Troms«. I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1986 (1/2), 60–72.
- BULL, Tove: »Samisk-nordisk språkkontaktforskning. Eit statusoversyn«. I: KUSMENKO, Jurij (utg.): *The Sámi and the Scandinavians*. Hamburg: Dr. Kovač, 2004, 183–198.
- HAGAN, Holger: *Lapp English. Interference in a Trilingual Setting*. Uprenta hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Universitetet i Oslo, 1977.
- JUNTTILA, Jorid Hjulstad: *Språkbruk og språkval i Skibotn. Kven forstår kven?* Upublisert hovudfagsavhandling i nordisk språk. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, 1988.
- KUSMENKO, Jurij: »Den nordiska s(k)-formens oppkomst«. I: KUSMENKO, Jurij og Sven LANGE (utg.): *Nordiska språk – insikter och utsikter*. (= Kleine Schriften des Nord-europa-Institutes; 24), Berlin, 2001, 125–139.
- KUSMENKO, Jurij: »Utvecklingen av suffigerad negation i urnordiskan«. I: KUSMENKO, Jurij og Sven LANGE (utg.): *Strövtåg i nordisk språkvitenskap*. (= Kleine Schriften des Nordeuropa-Institutes; 27), Berlin, 2002, 102–120.
- KUSMENKO, Jurij: »Der saamische Einfluss auf die skandinavischen Sprachen: Die Suffigierung des bestimmten Artikels und das s-Passiv«. I: URELAND, Sture (red.): *Convergence and Divergence of European Languages*. (= Studies in Eurolinguistics; 1), Berlin: Logos, 2003, 198–217.
- KUSMENKO, Jurij: »Skandinavisch-samischer Sprachkontakt. Gegenseitiger Einfluss«. I: KUSMENKO, Jurij (utg.): *The Sámi and the Scandinavians*. Hamburg: Dr. Kovač, 2004, 215–235.
- KUSMENKO, Jurij: »Scandinavian Umlaut. Sámi metaphony and Swedish-Norwegian levelling (jamning): a floating Scandinavian-Sámi isogloss«. I: ALHAUG, Gulbrand et al. (eds.): *Mot rikare mål å trå. Festskrift til Tove Bull*. Oslo: Novus, 2005, 118–126.
- KUSMENKO, Jurij og Michael RIESSLER: »Traces of Sámi-Scandinavian Contact in Scandinavian dialects. I: GILBERS, D. G., J. NERBONNE og J. SCHAEKEN: *Languages in Contact*. (= Studies in Slavic and General Linguistics; 28), Amsterdam: Rodopi, 2000, 209–224.
- RIESSLER, Michael: »Samisk och finsk substrat i nordskandinaviska dialekter«. I: KUSMENKO, Jurij og Sven LANGE (utg.): *Strövtåg i nordisk språkvitenskap*. (= Kleine Schriften des Nordeuropa-Institutes; 27), Berlin, 2002, 78–90.
- RIESSLER, Michael: »Präaspiration im Nordgermanischen«. I: KUSMENKO, Jurij (utg.): *The Sámi and the Scandinavians*. Hamburg: Dr. Kovač, 2004, 199–213.
- NESHEIM, Asbjørn: »Samisk og norsk i Lyngen«. I: *Sameliv I (1951–1952)*, Oslo, 1952, 123–129.
- PEDERSEN, Aud-Kirsti: »Restar av samisk i kaldfjordmålet«. I: HOLMEN, Tone (utg.): *Kvinneforskermaraton*. Tromsø: Universitetet i Tromsø, 1994, 115–128.
- SOLLID, Hilde: *Dialektsyntaks i Nordreisa. Språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Avhandling til dr.art.-graden, Tromsø: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, 2003.
- TODAL, Jon: »Interferens, negativ transfer, substrat eller etnolekt«. I: BALTO, Asta (red.): *Kunnskap og kompetanse i Sápmi – en samisk skole i endring*. Kárášjohka: Davvi Girji, 1996.
- WIGGEN, Geirr: *Rettskrivingsstudier I. Talemålskorrelative normavvik i grunnskolelevers skriftlige arbeid*. Oslo: Novus, 1982.